

# Bygda vår — Båbu-song

Tekst: Erling Moen — Tone: Anfinn Moen — Arr: Paul Okkenhaug

The musical score consists of three staves of music. The top staff starts with a treble clef, a key signature of one sharp, and a common time signature. The lyrics for this section are: "DU BYGDA VÅR OPP VED BÅBU-FJELL MED ROT I ELDGAMLE TIDER TI-DER MED HAUG OG SLETTEN OG BAKKEHELD OG DAL OG LJOSLANGE LI-ER". The middle staff continues with a treble clef and common time. The lyrics are: "FRÅ LEKSDALSVATN TIL KOLÅSFJELL OG OFTENÅSEN GJE-VS, VI". The bottom staff concludes with a bass clef and common time. The lyrics are: "SKODAR DEG VED DAG U, KVELD, O DRAUMEN VÅR DU GE-VB.". The music features various rhythmic patterns and rests.

1.

Du bygda vår opp ved Båbu-fjell  
med rot i eldgamle tider.  
Med haug og slette og bakkeheld  
og dal og ljoslange lier.  
Frå Leksdalsvatn til Kolåsfjell  
og Ofotenåsen gjeve,  
vi skodar deg ved dag og kveld,  
og draumen vår du heve.

3.

Di jord er grønæm og trygg og god  
og trufast strevet ho løner,  
ho avlar styrke og hug og mot  
til sine døtre og søner.  
Og skogen blånar sør og nord  
og angar frisk og uner,  
med gran og furu, bjørk og or  
som liver opp og luner.

2.

Her stridde fedrar i alle år  
og rom seg rudde og bygde,  
og auka arven og betre kår  
for framtidscettene trygde.  
Her gylne aks i sommarvind  
i tusen år har svaga,  
og nye åkrar lagdes inn  
og heim for heim seg laga.

4.

Og fjellet dreg som eit eventyr  
med høgd og friskleik og fridom,  
med fisk i vatn og moltemyr  
og fugl og hare i liom.  
Og seter-laling, lokk i li  
syng sælt i hug og minne,  
og så det flotte flog på ski  
i høgd og hei der inne!

5.

Men ryk det opp med Båbuvin  
som yler, kvin og sopar,  
det bit i nasen, svid på kinn,  
og snøfenn' opp seg hopar.  
Men når så våren stundar til  
og gauken gjel i lia  
og sommar'n kjem med sol og smil,  
er glømt den vintertida.

6.

Gud sign deg Båbu, vår kjære bygd,  
vårt tun, vår heim og vår kyrkje.  
Her finn vi hugnad, trivd og trygd  
og onnar glad i vårt yrke.  
Og så til sist ved soleglad,  
ein gong ved tid og stunde,  
vi under gras og blom og blad  
i jorda di vil blunde.